



Vokalist Bjørn Sturle Hillestad hadde publikum i si makt (Foto: Magnhild Haugland)

**Festidalen nummer fire vart ein stor suksess, med over 800 betalende. 250 av dei var der fredagskvelden. Alle som kom skryt over ein fin festival både med omsyn til arrangement og kvalitet på musikken. Festivalen har utan tvil gjeve Uskedalen eit skikkeleg, nytt løft som arrangementsbygd og "staden der det hender noko".**

Nytt av året var at festivalen gjekk over to dagar og at det var eit familiearrangement laurdag føremiddag, med aktivitetssløype, forteljarstund for dei minste, Per Olav frå Newton og open kafe.

- Vi gler oss allereie til den neste Festidalen, skriv Mona Grønningen på Innsida.no.

## Høydepunktet var Paul Di'Anno

"Det var The Danny Cannon Show fra Askøy som fikk æren av å sparke i gang Festidalen på fredag. Deretter fulgte duoen JohnOssi opp, og svenskene festet umiddelbart grepet om Festidalpublikummet. Bandet som kun består av trommeslager og gitarist/vokalist, tok ved hjelp av en god lydtekniker publikum med storm. Etter å ha spilt både på Quartfestivalen og Storåsfestivalen i år, viste de to at liveformatet var noe de behersket til det fulle. Flere av tilhørerne hadde nok vanskelig for å tro at så mye lyd kunne komme ut av en akustisk gitar og et trommesett. Deretter gikk det Alarmvinnende bandet Silver på scenen, med sin forrykende Guns'n Roses-inspirerte rockepakke.

Lørdagens konserter startet med veteranen William Hut, en av nestorene i Bergens musikkmiljø. Som tidligere vokalist i det kritikerroste bandet Poor Rich Ones, står Hut nå på egne ben med sitt eget soloprojekt. Med sin fløyelsmyke røst ga han publikum en utmerket start på kvelden. Deretter var det duket for Audrey Horne, metalbandet fra Bergen som vant årets Spellemannspris i metalgenren. En stilsikker oppvisning i melodøs hard rock, falt tydelig i smak hos publikum.

Deretter var Tucos Lounge sin tur, som gjorde sin tredje opptreden på Festidalen. Her var det tydelig at bandet kom hjem til sine egne, og da vokalist Bjørn Sturle Hillestad annonserte at "akkurat nå trur eg vi elske dokke meir enn mor dokkast", hadde bandet publikum i sin huleste hånd. Høydepunktet kom derimot da ca. 20 kvinnelige publikummere ble invitert opp på scenen for å danse med bandet. Da var stemningen under Englafjell elektrisk.

Dette var en perfekt oppladning til årets høydepunkt, nemlig tidligere Iron Maiden vokalist Paul Di'Anno. Med Kvinnherads egen Brynjulv Guddal på trommer, ble legendens konsert et fyrverkeri av de sjeldne. Et ekstatisk publikum fikk høre klassikere albumene "Killers" og "Iron Maiden", i tillegg til noe av Di'Annos eget låtmateriale."

Av Espen Mathisen

## Vellukka familiearrangement nytt av året

Det nye av året var familiearrangementet. Laurdag klokka tolv byrja det å straume på med folk i alle aldrar. Veret var perfekt og stemninga var det heller ingenting å sei på.

Den store helten ifrå Newton fekk æra av å opne showet. Han hadde ungane med seg frå fyrste stund, og utførte spanande eksperiment, med diverse rekvisita som dei fleste har i heimen. Inne i teltet til bygdakinoen, var det forteljarstund som Eva Haugland stod for, for ein fullsatt sal.

Ved elva var det fleire aktivitetar som fengja både unge og gamle. Elvafiske, rapelering, treklatring og båtlaging. Ja, det var også fleire som benytta kjansen til å ta seg eit forfriskande bad i Uskedalselva. Dette var eit flott arrangement, som vi håpar vert ein tradisjon.

Av Magnhild Haugland



Godt jobba, vi møtast til neste år ! (Foto: Magnhild Haugland)